

## **SPØRSMÅL OM MOGLEG SAKSHANDSAMINGSFEIL**

Viser til arkivsak 15/3291, dato 10.09.2015, Byggesak GBNR 137/693 Alver – avkjørsel, Tiltakshavar Nordhordland Bibelsenter. Saka gjeld dokumentnummer 15/29116 – *Søknad om ny avkjørsel og dispensasjon frå byggjegrense – gbnr 137/693 Alver.*

Dispensasjonssøknaden som er datert 10.09.2015 og journalført same dato gjeld eit nytt parkeringsanlegg over to etasjer på totalt 2600 rutemeter. Det er i den forbindelse ikkje sendt ut nabovarsel, og vi kan ikkje sjå at kommunen kan gje fritak frå varslingsplikta. Dette er ikkje eit mindre tiltak som ikkje vedkjem naboar og gjenbuarar.

Naboer og gjenbuarar har allereie kome med merknader til eit nabovarsel angående eit tilbygg på over 500 rutemeter. Vi er dermed part i saka. Overnemnde dispensasjonssøknad kom før dokumentnummer 15/31858 – *Søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan for bustadområdet Buheim – gbnr 137/693 Alver.* Denne søknaden er datert 23.09.2015 og journalført 09.10.2015. Då ingen er gjort merksamde på dispensasjonssøknaden om parkeringsanlegget, vert grunnlaget for merknader til dispensasjonssøknaden om tilbygget endra markant.

Dette endrer saka avdi dispensasjonssøknaden frå arealformål er grunngeven med mellom anna at auke av bruksareal er lite i forhold til totalt areal, og at deira formål med drifta gjev ein sterk reduksjon i trafikk på området. Dette samsvarer ikkje med søknaden om nytt parkeringsanlegg.

Dersom denne søknaden vert vurdert utan at det har vore mogleg å kome med merknader, vil det vere ein sakshandsamingsfeil. Det kan vere at eit nabovarsel er på veg, men det har no gått meir enn fire veker sidan søknaden vart sendt til kommunen. Vi ber difor om at saka ikkje vert vurdert på det grunnlaget den står per i dag.

Alversund, 14. oktober 2015

Med helsing

Tone og Lars Tore Kleivdal